



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Reidar Huglen
Karinaåsen 51

5545 Vormedal

Delegert sak nr. 19/94

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KJELLNE	2019/1261	9517/2019	99/93	26.04.2019

99/93 - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - tilbygg Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.

TILTAK: Nye bygg og anlegg - tilbygg
TILTAKETS ADRESSE: Mikaelsensvegen 1, 3895 Edland
EIGEDOM: Gnr. 99 Bnr. 93 i Vinje
MELDAR: Reidar Huglen
TILTAKSHAVAR: Reidar Huglen
BRA (NS 3940): Eksist. 81,7m²+ tilbygg 28,3m² = 110m²
BYA (NS 3940): Eksist. 97,6m²+ tilbygg 32,4m² = 130m²

VEDTAK

Søknaden vert godkjent.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Bakgrunn:**Referanse:**

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 200300001
Flåmyrane/Skjærdalen.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 12.04.2019. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 09.04.2019, jf. saksmappenr. (jnr.) 2019/1261-1 med vedlegg.

Naboar er varsla 26.03.2019.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå tiltakshavar.

Tiltak:

Tiltaket gjeld nytt tilbygg til fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket vert utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Taktekking skal være torv.

Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og andre liknande dyr kjem under hytta.

Byggje- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK17, kap. 9 og i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta).

Handsamingsgebyr:

Løyve til tiltak – jf. PBL § 20-4: kr. 5.350,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 28,3 m²/ 32,4 m²

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2019) for byggjesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

Krav om handsamingsgebyr på kr. 5.350,- blir ettersendt.

Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygninglova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:

TYRVELID VASSVERK AS Utgardsvegen 36 3895 EDLAND